

## Om ordene på lista 2020 (bm)

### **koronaen**

Ingenting har preget nyhetsbildet i år mer enn koronapandemien. Språkrådet har derfor kåret *korona* i bestemt form – altså *koronaen* – til årets ord i 2020.

Grunnordet *korona* (av latin *corona* 'krans, krone') var kjent i norsk fagspråk før koronaviruset. *Korona* er blant annet fagordet for det ytterste laget i solatmosfæren. Grunnlaget for betegnelsen *koronavirus* er likheten mellom virusets taggete overflate og solas strålekrans.

*Korona* er blitt tatt i bruk som forledd i hundrevis av nye sammensetninger med tilknytning til pandemien. I dagligtale brukes bestemt form *koronaen* om både viruset SARS-CoV-2, sykdommen covid-19, koronakrisa og selve den tida vi nå er inne i, jamfør uttrykk som *i koronaens tid* og til og med *under koronaen*.

Når historikerne skal se tilbake på 2020, er det stor sjanse for at de kommer til å skrive om *koronaen* i bestemt form.

### **holde meteren**

Under koronaen har vi alle måttet tåle å få innskrenket vår personlige frihet for å redusere smittespredningen. Uttrykket *å holde meteren* var nærmest utenkelig før vi tidligere i år fikk enmetersregelen, et råd om å holde en avstand på minst én meter til andre personer både innendørs og utendørs. *Meteren* har blitt en betegnelse på både minimumsavstanden og regelen om den. Når vi *holder meteren*, overholder vi enmetersregelen ved å holde en meters avstand.

### **statsforvalter**

De fleste nye ord oppstår spontant blant folk. Om ordene blir fast inventar i språket eller døgnfluer, avgjøres oftest gjennom bruk, ikke med vedtak. Men nye ord kan også være resultat av bevisst arbeid fra myndighetenes side. Kommunal- og moderniseringsdepartementet bestemte i 2020 at *statsforvalter* skal erstatte embetsbetegnelsen og stillingstittelen *fylkesmann* fra 1. januar 2021. Vedtaket er et ledd i arbeidet med å skifte ut kjønnsnesifikke stillingstitler med kjønnsnøytrale i alle statlige virksomheter.

## Om orda på lista 2020 (nn)

### **koronaen**

Ingenting har prega nyheitsbiletet i år meir enn koronapandemien. Språkrådet har derfor kåra *korona* i bunden form – altså *koronaen* – til årets ord i 2020.

Grunnordet *korona* (av latin *corona* 'krans, krone') var kjent i norsk fagspråk før koronaviruset. *Korona* er mellom anna fagordet for det ytste laget i solatmosfæren. Grunnlaget for nemninga *koronavirus* er at den taggete overflata på viruset minner om strålekransen kring sola.

*Korona* er teke i bruk som førsteledd i hundrevis av nye samansetningar med tilknytning til pandemien. I daglegtale blir bunden form *koronaen* brukt om både viruset SARS-CoV-2, sjukdommen covid-19, koronakrisa og sjølv den tida vi no er inne i, jamfør uttrykk som *i koronaens tid* og jamvel *under koronaen*.

Når historikarane skal sjå attende på 2020, er det stor sjanse for at dei kjem til å skrive om *koronaen* i bunden form.

### **halde meteren**

Under koronaen har vi alle måtta tole avgrensing av den personlege fridomen for å minske smittespreiinga. Uttrykket *å halde meteren* var nærmast utenkjeleg før vi tidlegare i år fekk einmetersregelen, eit råd om å halde ein avstand på minst éin meter til andre personar både innandørs og utandørs. *Meteren* har vorte ei nemning for både minimumsavstanden og regelen om han. Når vi *held meteren*, held vi einmetersregelen ved å halde ein meters avstand.

### **statsforvaltar**

Dei fleste nye ord oppstår spontant blant folk. Om orda blir fast inventar i språket eller døgnfluger, blir oftast avgjort gjennom bruk, ikkje med vedtak. Men nye ord kan òg vere resultat av medvite arbeid frå styresmaktene si side. Kommunal- og moderniseringsdepartementet vedtok i 2020 at embetsnemninga og stillingstittelen *fylkesmann* frå 1. januar 2021 skal skiftast ut med *statsforvaltar*. Vedtaket er eit ledd i arbeidet med å skifte ut kjønnsnesifikke stillingstitlar med kjønnsnøytrale i alle statlege verksemdar.

### **lyshare**

Idrettsåret 2020 har heller ikke vært normalt. Innen friidrett har det vært lagt restriksjoner på løping i tette felt. Under Impossible Games i juni ble vi godt kjent med teknologien *lyshare*, et blinkende lys inne ved lista som viser løperne hvor fort de må løpe for å oppnå en bestemt sluttid. Betegnelsen bygger på den velkjente metaforen *hare*, som brukes om menneskelige fartsholdere. Ordet er dermed langt mer informativt enn det engelske *wavelight*.

### **nødlandslaget**

Da Norges A-landslag i fotball for menn i all hast måtte trekke seg fra planlagte landskamper fordi en av spillerne var koronasmittet, ble en ny landslagstropp av relativt ukjente spillere raskt stablet på beina. Slik kunne Norge overholde sine internasjonale forpliktelser uten å bryte viktige smittevernbestemmelser. *Nødlandslaget* er en lett humoristisk betegnelse på en tropp som ikke ble levnet store sjanser i kampen mot Østerrike, og den slo umiddelbart an. Et uventet sterkt resultat gav laget heltestatus og gjorde betegnelsen enda mer kjent.

### **flate ut kurven**

Ord og uttrykk som opprinnelig har et sterkt preg av fagspråk, har under koronaen glidd inn i allmennspråket. Uttrykket *å flate ut kurven* brukes nå om forsøk på å holde smittespredningen nede for å minske belastningen på helsevesenet. Tilsvarende uttrykk brukes i flere andre språk. På svensk heter det *att platta till kurvan*.

### **melaninrik**

Nye ord kan skapes gjennom språkaktivisme. En form for aktivisme er arbeid for å gjøre språket mer tidsmessig. I 2020 fikk adjektivet *melaninrik* mye oppmerksomhet. Ordet brukes særlig av mange antirasister i stedet for tradisjonelle og mer problematiske ord for mennesker med mørk hudfarge.

### **sprite**

Det å vaske hendene grundig eller desinfisere dem med håndsprit var et av de første og viktigste smitteverntiltakene. Til å begynne med var det mye snakk om «å bruke Antibac», men det ble tungvint i lengden, og det var ikke lett å lage et brukbart verb av dette produktnavnet. Det ble snart vanlig å si *å*

### **lyshare**

Idrettsåret 2020 har heller ikke vore normalt. Innan friidrett har det vore lagt restriksjonar på løping i tette felt. Under Impossible Games i juni vart vi godt kjende med teknologien *lyshare*, eit blinkande lys inne ved lista som viser løparane kor fort dei må springe for å oppnå ei viss sluttid. Nemninga byggjer på den velkjende metaforen *hare*, som blir brukt om menneskelege fartshaldarar. Ordet er dermed mykje meir informativt enn det engelske *wavelight*.

### **nødlandslaget**

Då Noregs A-landslag i fotball for menn i all hast måtte trekkje seg frå planlagde landskampar fordi ein av spelarane var koronasmitta, vart ein ny landslagstropp med relativt ukjende spelarar snøgt stabla på beina. Slik kunne Noreg oppfylle dei internasjonale pliktene sine utan å bryte viktige smittevernreglar. *Nødlandslaget* er ei lett humoristisk nemning på ein tropp som ikkje vart spådd å ha store sjansar i kampen mot Austerrike, og ordet spreidde seg raskt. Eit uventa sterkt resultat gav laget heltestatus og gjorde nemninga endå betre kjend.

### **flate ut kurva**

Ord og uttrykk som opphavleg har eit sterkt preg av fagspråk, har under koronaen glidd inn i allmennspråket. Uttrykket *å flate ut kurva* blir no brukt om forsøk på å halde smittespreiinga nede for minske presset på helsestellet. Tilsvarende uttrykk blir brukte i fleire andre språk. På svensk heiter det *att platta till kurvan*.

### **melaninrik**

Ord kan skapast gjennom språkaktivisme. Ei form for aktivisme er arbeid for å gjere språket meir tidhøveleg. I 2020 fekk adjektivet *melaninrik* mykje merksemd. Ordet blir særleg brukt av mange antirasistar i staden for tradisjonelle og meir problematiske ord for menneske med mørk hudfarge.

### **sprite**

Det å vaske hendene grundig eller desinfisere dei med handsprit var eit av dei første og viktigaste smitteverntiltaka. Til å begynne med var det mykje snakk om «å bruke Antibac», men det vart tungvint i lengda, og det var ikkje lett å lage eit brukande verb av dette produktnamnet. Det vart snart vanleg å seie *å sprite hendene* og *å sprite seg*. I allmennspråket

*sprite hendene og å sprite seg.* I allmennspråket har ordet tidligere mest vært brukt i uttrykket *sprite opp*.

### ***koronerulling***

Pandemien har gitt opphav til mange kreative og humoristiske avledninger av *korona*, og noen av disse ordene er tatt i bruk i seriøse sammenhenger. Et av dem er *koronerulling*. Ordet ble brukt som egennavn om en serie av strømmede konserter som skulle gi folk et sårt tiltrengt kulturtilbud og støtte artister som var hardt økonomisk rammet av koronakrisa.

### ***kohort***

Flere fagord har slått gjennom i allmennspråket i 2020, noen av dem i en ny eller helt spesiell betydning. Det mest omstridte er kanskje *kohort*. Noen kjenner ordet fra historiebøkene eller fra tegneserien Asterix som betegnelse på en romersk hæravdeling. Andre kjenner det fra sosiologien som en betegnelse på en større gruppe mennesker med et viktig fellestrekk, for eksempel felles fødselsår. Folkehelseinstituttet og Utdanningsdirektoratet har brukt ordet i en spesiell epidemiologisk betydning om faste smågrupper opprettet med sikte på å hindre smittespredning. Nå brukes *kohort* med den største selvfølgelighet i allmennspråket, av myndigheter så vel som skoleelever og barnehagebarn.

Andre gode ord og uttrykk som ikke nådde opp på lista, er *albuehilsen, covid-19, hytteforbud, pasient null og søringkarantene*.

har ordet tidlegare mest vore brukt i uttrykket *sprite opp*.

### ***koronerulling***

Pandemien har gjeve opphav til mange kreative og humoristiske avleiingar av *korona*, og somme er tekne i bruk i seriøse samanhengar. Ei av dei er *koronerulling*. Ordet vart brukt som særnamn om ein serie strøymde konsertar som skulle gje folk eit sårt tiltronge kulturtilbod og stø artistar som var hardt økonomisk råka av koronakrisa.

### ***kohort***

Flere fagord har slått gjennom i allmennspråket i 2020, nokre av dei i ei ny eller heilt spesiell tyding. Det mest omstridde er kanskje *kohort*. Somme kjenner ordet frå historiebøkene eller frå teikneserien Asterix som nemning på ei romersk hæravdeling. Andre kjenner det frå sosiologien som ei nemning på ei større gruppe menneske med eit viktig fellestrekk, til dømes felles fødselsår. Folkehelseinstituttet og Utdanningsdirektoratet har brukt ordet i ei spesiell epidemiologisk tyding om faste smågrupper oppretta med sikte på å hindre smittespreiing. No er det brått vorte eit allmennspråkleg ord som både byråkratar, skuleelevar og barnehagebarn brukar utan å blunke.

Andre gode ord og uttrykk som ikkje nådde opp på lista, er *covid-19, hytteforbud, olbogehelsing, pasient null og søringkarantene*.